



Arkivsak 200702167-5
Arkivnr. 523
Saksh. Hjermann, Anne

Saksgang

Fylkesutvalet

Møtedato

23.08.2007

**HØYRINGSUTTALE - FRAMLEGG OM ENDRING I
FINANSIERINGSANSVARET FOR OPPLÆRING I
BARNEVERNINSTITUSJONAR - OPPLÆRINGSLOVA § 13 -2**

SAMANDRAG

Med ei lovendring som tok til å verke 1. januar 2007, vart ansvaret for opplæring i barneverninstitusjonar, fagleg, juridisk og økonomisk, lagt til den fylkeskommunen der institusjonen ligg. Fylkeskommunane fekk finansieringsansvaret for all opplæring i barneverninstitusjonar i eige fylke, uavhengig av kva heimfylke eleven hadde.

Med lovendringa var det ikkje lagt opp til gjesteelevoppgjer mellom fylkeskommunane. Departementet konkluderte med at det var godt samsvar mellom det einskilde fylke sitt tal på institusjonsplassar og fylket sin del av dei samla utgiftene til opplæring innanfor barnevernet.

Departementet fekk mange reaksjonar på at det ikkje vart gjort framlegg om omfordeling av midlane i statsbudsjettet. Reaksjonane botna i at endringa i ansvaret for opplæringa i barneverneinstitusjonar ville gje einskilde fylkeskommunar urimelege meirkostnader. Fylke med mange institusjonsplassar, og med eit utstrekt tilbod om institusjonsplassar til elevar frå andre fylke, kom økonomisk sett dårleg ut når midlane til opplæringa vart fordelt gjennom eit inntektssystem dit eleven er folkeregistrert.

Våren 2007 vart det utarbeidd ein førebels modell for omfordeling av midlane. Denne modellen skulle kompensere for dei meirkostnadane ein del av fylkeskommunane fekk. Omfordelinga fekk store økonomiske konsekvensar for mange fylke.

Kunnskapsdepartementet heldt fram arbeidet med å finne ei permanent ordning for oppgjeret mellom fylkeskommunane. Det er konkludert med at utfordringane med at fordelinga av institusjonsplassar ikkje følgjer inntektssystemet sine kriterium, kan løysast ved å innføre ei refusjonsordning.

På denne bakgrunnen vert det gjort framlegg om lovforslag om endring av finansieringsansvaret for opplæring i barneverninstitusjonar.

FORSLAG TIL VEDTAK


Fylkesutvalet sluttar seg til departementet sitt framlegg om lovforslag om endring i finansieringsansvaret for opplæring i barneverninstitusjonar – opplæringslova § 13 - 2

Endringa inneber at fylkeskommunen der institusjonen ligg, har rett til refusjon av utgifter til opplæringa frå fylkeskommunen der barnet eller den unge er busett, etter satsar fastsett av departementet.

Departementet gir forskrift om refusjon av utgifter til opplæring av barn og unge frå andre fylkeskommunar.



Paul M. Nilsen



Svein-Erik Fjeld

FYLKESRÅDMANNEN, 08.08.2007:

Hordaland fylkeskommune har motteke eit høyringsnotat frå Kunnskapsdepartementet, dagsett 06.07.07, med framlegg om endring i finansieringsansvaret for opplæringa i barneverninstitusjonar, jf Opplæringslova § 13 – 2.

I framlegget til lovendring i Opplæringslova § 13 – 2, føreslår departementet at ansvaret for opplæringa framleis skal ligge til institusjonsfylke, men at fylkeskommunen der institusjonen ligg, skal få rett til refusjon for utgifter til opplæring frå heimfylket.

Opplæringsansvaret i barneverninstitusjonar – gjeldande rett

Med ei lovendring som tok til å verke i kraft 1. januar 2007, vart ansvaret for opplæring i barneverninstitusjonar, fagleg, juridisk og økonomisk, lagt til den fylkeskommunen der institusjonen ligg, jf Ot.prp.nr. 59 (2005 – 2006) og Innst.O. nr. 51 (2005 – 2006):

§ 13 – 2 Plikt for fylkeskommunen til å sørgje for grunnskoleopplæring, spesialpedagogisk hjelp og vidaregåande opplæring i institusjonar etter barnevernlova^A.

Når det blir gjort vedtak om plassering i institusjon etter barnevernlova, er det den fylkeskommunen der institusjonen ligg som har ansvaret for å oppfylle retten til grunnskoleopplæring, spesialpedagogisk hjelp og vidaregåande opplæring etter lova her.

Ansvaret omfattar barn og unge i institusjonar i fylkeskommunen som den statlege regionale barnevernmyndigheita har ansvaret for etter barnevernlova § 5 – 1, og barn og unge i private og kommunale institusjonar som er godkjende etter barnevernlova § 5 – 8. Dersom opplæringa skjer i institusjonen, skal institusjonen sørgje for nødvendige lokale til formålet

Departementet kan gi nærmare forskrifter eller pålegg^B i enkelttilfelle om ansvaret til fylkeskommunen.

A Forskrift 23.06.2006 nr 724 kap. 18

B Delegert til Fylkesmannen

Når det gjeld det økonomiske ansvaret, inneber lovendringa at fylkeskommunen finansierer all opplæring for born og unge som er busett i barneverninstitusjonane i fylket, uavhengig av kva heimfylke dei kjem frå. Gjeldande lov avløyser ei ordning der heimfylket finansierte opplæringa, og fylkeskommunane administrerte oppgjer seg imellom.

Bakgrunn for framlegget om lovendring

På grunnlag av dei opplysningane departementet hadde då Ot.prp.nr. 59 (2005 – 2006) vart lagt fram, vart det konkludert med at det var relativt godt samsvar mellom kvart av fylka sin del av institusjonsplassar og fylka sin del av dei samla utgiftene til opplæring og kostnadsnøkkel. Det vart difor ikkje gjort framlegg om omfordeling av midlar mellom fylkeskommunane i St.prp. nr. 1 (2006 – 2007).

Kunnskapsdepartementet (og Kommunal- og regionaldepartementet) har motteke reaksjonar frå fleire av fylkeskommunane på at det i St.prp.nr.1 (2006 – 2007) ikkje vart gjort framlegg om ei omfordeling av midlane mellom fylkeskommunane. Reaksjonane botnar i at endringa i ansvaret for opplæringa i barneverninstitusjonar, kan/vil gje einiskilde fylkeskommunar urimelege meirkostnadar. Dei fylka som har mange institusjonsplassar, og som har eit utstrekt tilbod om institusjonsplassar til born og unge frå andre fylke, kjem økonomisk sett dårleg ut når midlane til opplæringa vert fordelt gjennom eit inntektssystem dit eleven er folkeregistrert.

Stortinget bad regjeringa om ei ny vurdering av dei økonomiske konsekvensane av lovendringa, og i samband med kommuneproposisjonen (St.prp.nr. 67 (2006- 2007) vart det gjort ei omfordeling mellom kommunane. Omfordelinga vart gjort etter ein modell der midlar frå fylkeskommunen sitt rammetilskot vart trekt ut etter tal på innbyggjarar og ført tilbake etter talet på plassar i barneverninstitusjonar.

Med den siste omfordelinga fekk Hordaland fylkeskommune eit trekk i statlege overføringar på nær 10,6 mill. kroner.

I St.prp.nr. 67 (2006 – 2007) vart det varsla at den reviderte fordelinga av midlar mellom fylkeskommunane skulle vere ei mellombels løysing, og at Kunnskapsdepartementet skulle arbeide vidare mot ei varig løysing for det økonomiske oppgjeret mellom kommunane.

Framlegg til lovendring i opplæringslova § 13 – 2

Departementet føreslår at institusjonsfylket framleis skal ha ansvar for opplæringa. Opplæringsansvaret skal og gjelde born og unge frå andre fylke. For at fordelinga av kostnadane skal verte rimeleg, vert det gjort framlegg om at fylkeskommunen der institusjonen ligg, får rett til refusjon for utgifter til opplæringa frå heimfylket.

Det vert og gjort framlegg om at departementet skal få heimel til å gje forskrift om refusjon av utgiftene til opplæringa mellom institusjonsfylke og heimefylket, etter fastsette satsar. Utkastet til denne forskrifta skal sendast til høyring hausten 2007.

Framlegg til lovtekst

(endringsforslaget er utheva)

§ 13 – 2 Plikt for fylkeskommunen til å sørge for grunnskoleopplæring, spesialpedagogisk hjelp og vidaregåande opplæring i institusjonar etter barnevernlova^A.

Når det blir gjort vedtak om plassering i institusjon etter barnevernlova, er det den fylkeskommunen der institusjonen ligg som har ansvaret for å oppfylle retten til grunnskoleopplæring, spesialpedagogisk hjelp og vidaregåande opplæring etter lova her. Fylkeskommunen der institusjonen ligg har rett til refusjon av utgifter til opplæringa frå fylkeskommunen der barnet eller den unge er busett, etter satsar fastsett av departementet.

Ansvarer omfattar barn og unge i institusjonar i fylkeskommunen som den statlege regionale barnevernmyndigheita har ansvaret for etter barnevernlova § 5 – 1, og barn og unge i private og kommunale institusjonar som er godkjende etter barnevernlova § 5 – 8. Dersom opplæringa skjer i institusjonen, skal institusjonen sørge for nødvendige lokale til formålet

Departementet gir forskrift om refusjon av utgifter til opplæring av barn og unge frå andre fylkeskommunar.

Merknadar til lovforslaget

”Forslaget innebærer at institusjonsfylket blir faglig og juridisk ansvarlig for å oppfylle opplæringsrettighetene etter opplæringsloven, også for barn og unge fra andre fylker. Det betyr at institusjonsfylket har ansvaret for at skoledriften/opplæringen fyller kravene i opplæringsloven. Institusjonsfylket fastsetter blant annet opplæringstiltakene, sørger for sakkyndige vurderinger, gjør vedtak om spesialpedagogisk hjelp og spesialundervisning og sørger for at elevene har nødvendig undervisningsmateriell og utstyr. Institusjonsfylkene får imidlertid rett til refusjon av utgifter til opplæring etter satsar fastsett av departementet i forskrift.

Det forutsettes at institusjonsfylket setter i gang opplæring så raskt som mulig, og uavhengig av om finansieringen fra bostedsfylket er på plass.

Det taes sikte på at den foreslåtte lovendringen kan tre i kraft 1. januar 2008”.

(Høyringsnotat. Forslag om lovendring i finansieringen av opplæring i barneverninstitusjoner)

Vurdering og konklusjon

På bakgrunn av dei vanskane departementet har hatt med å utforme ein modell for tildeling som vert vurdert som rimeleg og rettferdig når det gjeld dei meirkostnadane nokre fylke har, vil ein modell der fylkeskommunane får refundert kostnadane frå heimefylket, etter fylkesrådmannen sitt syn gje den mest rettferdig kostnadsfordelinga mellom fylkeskommunane. Fylkesrådmannen sluttar seg difor til departementet sitt framlegg om lovforslag om endringar i Opplæringslova, § 13 – 2 .